

Notat

Til: Fagopplæringsnemnda og Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Arbeidet med samfunnskontrakten – 3- årig prosjekt

Fylkeskommunen har fått tildelt midlar frå Utdanningsdirektoratet til arbeidet med samfunnskontrakt. Fylkesdirektøren valte å utlyse ein 3-årig prosjektstilling som rådgjevar (01.12.2018-01.12.2021) til dette arbeidet.

Arbeidsoppgåvene for stillinga er å rettleia og vera til støtte for dei vidaregåande skulane i arbeidet med samfunnskontrakt. Dette inneber å hjelpa skulane i arbeidet med rekruttering av fleire lærebedrifter og bidra til at alle kvalifiserte søkjarar kjem ut i lære. Ei anna side av utfordringsbilete er korleis få fleire bedrifter til å ta i mot søkjarar som har andre utfordringar. Døme på slike utfordringar kan være fråvær, lave karakterar, mangel på motivasjon, «helseutfordringar», og språklege utfordringar. I det vidare arbeidet skal ein sjå på kva tiltak ein kan iverksette for å løysa dette.

Saman med dei vidaregåande skulane vidareutvikla nettverk for lokalt næringsliv. Den fyrste prosjekt fasen har gått ut på å kartlegge nåverande situasjon og behovet vidare. Ein har besøk kvart enkelt vidaregåande skule med yrkesfag. Målsetjing med besøk har vore å bli kjent med skulane, høyre kor er dei i prosessen i arbeidet som er satt i samfunnskontrakt, samt kva ynskjer dei har og kva treng dei hjelp til. Vidare arbeid vil ha fokus på følgande:

- Opplæring i bruk av verktøy «finnlærebedrift.no» som brukast til rekruttering, nettverksarbeid og til å oppretta samarbeidsavtalar med bedrifta
- Opprette fleire lokale nettverk og nettverksbygging. Det vurderast at systematisk nettverksbygging over tid vil føra til fleire fordelar både for skulane og elevar. Bedrifta kan gje informasjon om kva behov næringslivet har no og i framtida. Kompetansekrav og behov kan synleggjerast. Nettverk kan brukast både til rekruttering av fleire lærebedrifta og rekruttering av elevar til yrkesfag. Utvida og systematisk nettverksarbeid vil også gje elevar i vg1 og vg2 større moglegheiter å komme ut i bedrift i faget yrkesfagleg fordjuping
- Oppretta nettverk for arbeidslivskontaktane ved dei vidaregåande skulane for å auka erfaringsutveksling og lik praksis

Ein vil også sjå på eksisterande ordningar, korleis dei kan brukast systematisk, og nyttiggjerast i arbeidet med at fleire kjem ut i lære.